

Protokoll frå styremøte 21. februar 2022

Til stades: Lodve Solholm, Eli Bjørhusdal, Terje Lohndal og Kjetil Gundersen
Forfall: Erik Ulfsby
Frå sekretariatet: Jo Inge Fisketjøn (stabssjef, S 10/22, 11/22, 12/22 og 13/22), Åse Wetås (direktør) og Åsa Kaldhussæter (seniorrådgjevar)
Møtestad: Teams
Møtetid: 15:00–16:15
Møteleiar: Solholm
Referent: Kaldhussæter

Sakliste styremøte

Konstituering

S 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet
S 2/22 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 9. desember 2021

Informasjonssaker

S 3/22 Direktørens orientering
S 4/22 Referat frå etatsstyringsmøte 26.11.2021
S 5/22 Frå fagråda
S 6/22 Høyringar
S 7/22 Mediesaker
S 8/22 Plan for Språkdagen 2022
S 9/22 Prosjekt nynorsk
S 10/22 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. januar 2022

Vedtaksaker

S 11/22 Endeleg regnskap for 2021
S 12/22 Endeleg budsjett for 2022
S 13/22 Budsjettsøknad for 2023
S 14/22 Årsrapport for 2021
S 15/22 Endeleg verksemdsplan for 2022
S 16/22 Møteplan for 2022

Drøftingssaker

S 17/22 Risiko- og sårbarheitsvurdering
S 18/22 Eventuelt

Konstituering

S 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

Sakspapir: Saklista 21. februar

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende.

S 2/22 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 9. desember 2021

Sakspapir: Framlegg til protokoll

Vedtak: Protokollen frå styremøtet 9. desember 2021 er godkjend.

Informasjonssaker

S 3/22 **Direktørens orientering**

Sakspapir: Ingen

Direktøren orienterte munnleg:

- Koronasituasjonen: Vi går mot ei normalisering av drifta, men ser at det vil bli noko koronarelatert sjukefråvær gjennom vårmånadene. I januar var sjukefråværsprosenten 3,6 – samanlikna med 6,2 % i januar i fjor.
- Vi har utlyst ledig stilling i administrasjonen (100 % fast), ledig stilling på språkrådgeving og namn (100 %), og to årsvikariat (eitt på kultur- og mediefeltet) og eitt på skule og tilsyn.
- Språkrådet har ein medarbeidar på utlån til Kulturrådet for å behandle koronarelaterte kompensasjonssaker. Utlånet gjeld i perioden 1. januar til 31. mars. Vi vil få kompensasjon for KUD for dei tre månadsverka.
- Seksjonssjefen i seksjon for språk i samfunn og høgare utdanning går ut i fire månaders foreldrepermisjon. Dette får innverknad for kapasiteten til seksjonen i perioden fram til sommarferien.
- Språkrådet har no tatt i bruk dei utvida lokala i 5. etasje.
- Språkrådet har sendt inn to søknader om utgreiingsmidlar til KUD. Dei to søknadene gjeld ein moglegheitsstudie for ein meir heilskapleg tilsynsportal. Det vil innebære effektivisering av språklovtilsynet og betre oppfølging av alle statlege verksemdar som arbeider etter lova. Vi har òg søkt om midlar til ein moglegheitsstudie for eit fast forskings- og utviklingsmiljø som kan levere språkinfrastruktur (skrivestøtte, tilpassa ordbøker, fagordbøker, grammatikkressursar osv., og utdanne terminologar, stadnamnekspertise, leksikologar osv.) til å dekkje samfunnets, og særleg stat og skules, behov for slike produkt og kompetanse.
- Styreleiaren og direktøren møtte statssekretæren i KUD for oppfølging av styrets brev til statsråden om arbeid med namnesaker og om Språkrådets økonomi.
- Språklovsida www.språklov.no er nå publisert og i drift.
- Språkrådet har fått midlar av Nordisk ministerråd til å gjennomføra eit tiltak i samband med Noregs ordførarskap dette året. Tiltaket vil gjelda digitale språkressursar i skulen.
- Det er svært stor interesse for informasjonsopplegg og forelesingar frå Språkrådet om den nye språklova og oppgåvene til statsorgan og fylkeskommunar etter denne nye lova. Ut frå tildelingsbrev og ressursituasjon prioriterer Språkrådet fylkeskommunane.
- Språkrådet har bestilt ein rapport frå Proba samfunnsanalyse om PPT og kommunane si rolle i arbeidet med å sikre tilgang til norsk teiknspråk for høyrselshemma barn og unge. Endeleg rapport er venta i mars. Språkrådet har fått ei bestilling frå Kulturdepartementet om relevante

dokumentasjonsressursar for norsk teiknspråk, med frist 1. mai. Vi tek sikte på å levera resultatata frå Proba-undersøkinga saman med dette.

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 4/22 Referat frå etatsstyringsmøte

Sakspapir: Referatet frå etatsstyringsmøtet 26.11.2021

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 5/22 Nytt frå fagråda

Sakspapir: Notat frå fagrådssekretærene

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 6/22 Høyringar

Sakspapir: Lenkje til språkrådets høyringar og høyringssvar
Språkrådet har levert høyringssvar til forslag til ny opplæringslov, ekspertgruppa for akademisk yringsfridom og revisjon av NRK-plakaten. Utgåande høyringar: Høyring om fellesoffentlege omgrep og Høyring av forslag til rettskrivingsendringar.

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 7/22 Mediesaker

Sakspapir: Notat frå kommunikasjonsseksjonen

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 8/22 Plan for Språkdagen 2022

Sakspapir: Notat om Språkdagen og mandat til språkdagsgruppa

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 9/22 Prosjekt nynorsk - nynorskløftet

Sakspapir: Notat om nynorskløftet

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 10/22 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. januar 2022

Sakspapir: Notat frå stabssjefen og rekneskap per 31. januar 2022

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

Vedtakssaker

S 11/22 Endeleg rekneskap for 2021

Sakspapir: Notat frå stabssjefen og årsrekneskap 2021

Vedtak: Styret godkjenner årsrekneskapen for 2021

S 12/22 Endeleg budsjett for 2022

Sakspapir: Notat frå stabssjefen, tildelingsbrev 2022, disposisjonsplan og budsjettframlegg i tal

Vedtak: Styret vedtek framlegg til endeleg budsjett for 2022.

S 13/22 Framlegg til budsjettsøknad for 2023

Sakspapir: Notat frå direktøren og budsjettnotat

Vedtak: Styret bed direktøren utforme Språkrådets budsjettsøknad for 2023 i tråd med prioriteringane som kom fram i møtet.

S 14/22 Årsrapport for 2021

Sakspapir: Tekst til årsrapport 2021

Vedtak: Styret godkjenner årsrapporten for 2021 med merknadane som kom fram i møtet, og bed direktøren om å ferdigstille dokumentet innan fristen 14.3.

S 15/22 Endeleg verksemdsplan for 2022

Sakspapir: Utkast til endeleg verksemdsplan og tildelingsbrevet for 2022

Vedtak: Styret godkjenner endeleg verksemdsplan for 2022.

S 16/22 Møteplan for 2022

Sakspapir: Notat frå styresekretæren

Vedtak: Styret vedtek møteplanen for 2022.

Drøftingssaker

S 17/22 Risiko- og sårbarheitsanalyse

Sakspapir: Notat frå leiinga

Vedtak: Styret drøfta Språkrådets oppdaterte risiko- og sårbarheitsanalyse.

S 18/22 Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 21. februar 2022 er godkjend 7. april 2022

Lodve Solholm

Kjetil Gundersen

Eli Bjørhusdal

Terje Lohndal